



Referanser: KR 24/14

Saksdokumenter:

## Særskilde preiketekstar for kyrkjeåra 2017-2018 og 2018-2019

### Samandrag

Dette er ei sak som kjem attende for kvart kyrkjeår. Normalt er evangelieteksten etter ei av dei tre rekkjene preiketekst for søndagen. For å skapa variasjon og fylde vert evangelieteksten nokre søndagar bytt ut med andre tekstar, anten teksten frå Det gamle testamentet, teksten frå andre skrift i Det nye testamentet eller forteljningsteksten. Difor gjer Kyrkjerådet (KR) vedtak om «særskilde preiketekstar» for 6 søndagar kvart år. Framlegg til særskilde preiketekstar vert utarbeidd av Nemnd for gudstenesteliv (NFG), og vert send Bispemøtet (BM) til uttale.

For kyrkjeåret 2016-17 har saka særskilde preiketekstar relasjon til ei anna sak. Det er saka om markering av at det er 500 år sidan starten av den lutherske reformasjonen. Planane for denne markeringa inneheld temagudstenester med egne tekstar hausten 2017. For at ikkje denne hausten skulle få alt for stort avvik frå dei regulære kyrkjeårstekstane, har den komiteen som arbeider med reformasjonsmarkeringa gjort framlegg om å gjera om den delen av vedtaket i KR om særskilde preiketekstar for 2016-17 (sak KR 24/14) som galdt hausten 2017.

I NFG vart dette handsama som to delar av ei sak, sak NFG 15/2015. I KR kjem dei som to saker, sak KR 40/15 og KR 49/15.

Sak KR 49/15 er som vanleg framlegg om særskilde preiketekstar for to nye kyrkjeår. Framlegg om fire temagudstenester med egne tekstar hausten 2017 og om omgjering av tidlegare vedtak om særskilde preiketekstar hausten 2017 kjem i sak KR 40/2015.

## **Framlegg til vedtak**

**A.** I kyrkjeåra 2017-18 og 2018-19 brukar ein desse særskilde preiketekstane:

### 2017-18 2. rekkja

Såmannssøndag – 28. januar 2018: Rom 10,13-17  
2. søndag i fastetida – 25. februar 2018: 1 Mos 3,8-15  
2. søndag i treeiningstida – 3. juni 2018: Gal 3,23-29  
16. søndag i treeiningstida 9. september 2018: 1 Pet 4,12-19  
22. søndag i treeiningstida – 21. oktober 2018: Ordt 6,20-23a

### 2018-19 3. rekkja

4. søndag i openberringstida – 27. januar 2019: Ordt 14,21-22.25-31  
5. søndag i påsketida 19. mai 2019: 1 Kong 8,12-13.27-30  
Treeiningssøndag – 16. juni 2019: Apg 17,22-34  
13. søndag i treeiningstida – 8. september 2019: Apg 6,1-7  
17. søndag i treeiningstida – 6. oktober 2019: Fil 1,20-26  
Helgemessesøndag – 3. november 2019: Jes 60,18-22

**B.** Vedtaket vert send til Bispemøtet til uttale.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

I *Tekstbok for Den norske kyrkja*, som vi fekk i samband med gudstenestereforma i 2011, er det for kvar søn- og helgedag i kyrkjeåret tre alternerande rekkjer med tekstar til dei tre lesingane i høgmessa. Preiketeksten i høgmessa er til vanleg lesinga frå evangeliet.

For å skapa større variasjon enn det den årlege alterneringa mellom dei tre rekkjene gjev, og for å syta for at jamvel andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia vert utlagde i preika, gjer Kyrkjerådet for kvart kyrkjeår vedtak om eit sett med særskilde preiketekstar.

Dette er ein praksis som starta allereie med den førre tekstboka, *Tekstane i kyrkjeåret* (1978/1990). Ei utgreiing om dette finn ein i framlegget til ny tekstbok, sjå NOU 1976:44, side 9.

Dei første åra var det kyrkjedepartementet som fastsette dei særskilde preiketekstane. Seinare gjekk dette over til Kyrkjemøtet (jf. kgl. res. 26/10-90). Frå og med 1/1-2001 har Kyrkjemøtet delegert til Kyrkjerådet å gjera vedtak om særskilde preiketekstar etter innstilling frå Nemnd for gudstenesteliv og uttale frå Bispemøtet (sak KM 6/00).

Tekstboka frå 1978 hadde berre to ordinære rekkjer og ei fyldig rekkje med tilleggstekstar. Frå 2011 har vi tre rekkjer. Behovet for variasjon, så ein ikkje får same preiketekst annakvart år, er difor ikkje det same som før. Men intensjonen om å gjera andre teksttypar enn evangelieteksten til utgangspunkt for preika er den same.

Dei første åra vart det vedteke om lag 12 særskilde preiketekstar for kvart kyrkjeår. I regelen var halvparten av desse frå GT. I tilleggsrekkja hadde ein òg ein alternativ evangelietekst til rådvelde. I den nye tekstboka er denne tilleggsrekkja ikkje med lenger, men ein har fått ei rad med forteljingstekstar. Mange av desse er henta frå dei fire evangelia. Når ein vel særskild preiketekst, kan ein òg velja ein av desse forteljingstekstane.

Etter innføring av den nye tekstboka i 2011 heldt ein altså framleis fast på ordninga med særskilde preiketekstar. Ein meinte likevel at talet på desse tekstane kunne gjerast noko lågare. Kyrkjerådet valde 8 tekstar. Men i juni 2012 ba Bispemøtet om at talet vart redusert til 6 for kvart år (sak BM 27/12)

Når ein skal fastsetja desse tekstane, er det viktig at ein gjer det ut frå godt oversyn over kva som er gjort før. Ein må få til god variasjon både i type tekstar og kvar dei kjem i kyrkjeåret. Ein må ikkje ha særskild preiketekst på same dag i kyrkjeåret med for kort avstand.

Av omsyn til almanakkforlaga må ein vera tidleg ute med desse vedtaka. Ein har då funne det mest praktisk å handsama to kyrkjeår kvar gong.

## **Framlegg**

No gjeld det kyrkjeåra 2017-18 og 2018-19. Saka er som vanleg utarbeidd og lagd fram av NFG.

## **2017-18 2. rekkja**

### Såmannssøndag – 28. januar 2018

Rom 10,13-17 – Trua kjem av bodskapen / (Evangelietekst: Mark 4,26-34)

### 2. søndag i fastetida – 25. februar 2018

1 Mos 3,8-15 – Oppgjer etter syndefallet / (Ev.: Luk 7,36-50)

Denne søndagen har særskild preiketekst (Jes 55,1-7) i kyrkjeåret 2015-16 (3. rekkja).

### 2. søndag i treeiningstida – 3. juni 2018

Gal 3,23-29 – Kle dykk i Kristus / (Ev.: Joh 3,26-30)

Denne søndagen hadde særskild preiketekst (Sal 67,2-6) i kyrkjeåret 2014-15 (2. rekkja).

### 16. søndag i treeiningstida – 9. september 2018

1 Pet 4,12-19 – Når ein kristen lid / (Ev.: Matt 5,10-12)

### 22. søndag i treeiningstida – 21. oktober 2018

Ordt 6,20-23a – Forkast ikkje det du har lært / (Ev.: Joh 12,35-36)

I 2018 fell Olsok på ein søndag, 10. søndag i treeiningstida. Opphavleg var det gjort framlegg om å bytta evangelieteksten Matt 18,21-35 med teksten frå 1 Mos 50,14-21. Når Olsok fell saman med ein søndag, er det liturgen som avgjer kva for tekst ein skal bruka. Difor meinte NFG at det var lite heldig å fastsetja særskild preiketekst på denne dagen. Av di ein førre året med dei fire temagudstenestene hadde fleire særskilde preiketekstar enn vanleg, lét NFG det då vera med 5 dette året.

## **2018-19 3. rekkja**

### 4. søndag i openberringstida – 27. januar 2019

Ordt 14,21-22.25-31 – Stakkaren og skaparen / (Ev.: Luk 13,10-17)

### 5. søndag i påsketida 19. mai 2019

1 Kong 8,12-13.27-30 – Salomo bed for tempelet / (Ev.: Joh 17,6-11)

Treiningssøndag – 16. juni 2019

Apg 17,22-34 – Han gjev liv og ande til alle / (Ev.: Luk 24,45-48)

13. søndag i treiningstida – 8. september 2019

Apg 6,1-7 – Ein ny teneste i kyrkjelyden / (Ev.: Joh 15,13-17)

17. søndag i treiningstida – 6. oktober 2019

Fil 1,20-26 – Eg er dregen til begge sider / (Ev.: Mark 5,35-43)

Helgemessesøndag – 3. november 2019

Jes 60,18-22 – Herren skal vera ditt lys / (Ev.: Luk 6,20-23)

**Reformasjonsmarkeringa**

Hovudkomiteen for reformasjonsmarkeringa, leia av preses, har, av omsyn til fire temagudstenester med eigne tekstar hausten 2017, gjort framlegg om å la dei tre særskilde preiketekstane for denne hausten, som det er gjort vedtak om tidlegare (sak KR 24/14), gå ut. Særskilde preiketekstar, som det av omsyn til almanakkforlaga må gjerast vedtak om lang tid i førevegen, er ei rutinemessig sak. Dersom det sidan kjem på særskilde omsyn, kan det verta naudsynleg å gjera om på dette. Det vart gjort i samband med Frigjeringsjubileet.

På to av desse søndagane (9. og 20. søndag i treiningstida) går dei særskilde preiketekstane ut. Desse søndagane følgjer ein difor dei normale preiketekstane etter 1. rekkja. 15. søndag i treiningstida er ein av dei fire søndagane som får temagudsteneste med eit eige sett med tekstar.

Dersom dette vert vedteke, vil NFG taka desse endringane inn i oversynet for særskilde preiketekstar, så ein kan ta omsyn til det når framlegg for nye kyrkjeår vert utarbeidd.

**Økonomiske/administrative konsekvensar**

I denne saka er det avgjerande at ein har god kommunikasjon om vedtaka både med kyrkjelydane og med dei forlaga som utgjev almanakkar. Ut over dette har saka ikkje andre økonomiske og administrative konsekvensar.